

Fra: Andreas Elvik Litland <andreas.litland@outlook.com>
Sendt: 24.05.2023 10:14:13
Til: Tor Asle Skiple <tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no>
Kopi: lmbysheim@gmail.com
Emne: RE: Skjenkebevilling

Hei Tor Asle,

Vedlagt ligg tilleggsinformasjon til Søknad om skjenkebevilling for Den Grøne Fabrikken AS, som du forespurte i epost 16.mai. Ligg eit eige document med tilleggsinfo til nokre av vedlegga.

Veldig viktig for oss at dette blir handsama kjapt, så me får mulighet til å få med oss sumarsesongen!

Ta kontakt snarast om du oppdagar fleire mangler, og ein send ein bekreftelse på at dette me no har sendt er mottatt.

Mvh
Lars Magne Bysheim og Andreas Elvik Litland
Den Grøne Fabrikken

From: Lars Magne Bysheim <lmbysheim@gmail.com>
Sent: Wednesday, May 24, 2023 09:03
To: Andreas Elvik Litland <andreas.litland@outlook.com>
Subject: Fwd: Skjenkebevilling

Med venleg helsing

Den Grøne Fabrikken AS
Lars Magne Bysheim

----- Forwarded message -----

Fra: **Tor Asle Skiple** <tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no>
Date: tir. 16. mai 2023 kl. 15:06
Subject: SV: Skjenkebevilling
To: Lars Magne Bysheim <lmbysheim@gmail.com>

Hei Lars Magne, oppsummer her kva me snakka om på telefon før i dag om kva tilleggsinformasjon til søknaden din me treng.
Eg tek sikte på å ha denne oppe som sak til formannskapet 7.juni og til det påfølgande heradsstyre 21. juni.

For å kunne behandle søknaden vidare treng eg følgjande tilleggsinformasjon:

1. Planteikning

Planteikninga du sendte ved søknaden var ikkje komen med inn i saken så ber deg om å sende den inn på nytt.

Teikninga skal vise lokalet med uteserveringsområde der areal og funksjon kjem tydeleg fram.

2. Serveringsløyve

I følge alkoholpolitisk behandlingsplan skal som hovudregel ein skjenkestad ha serveringsløyve for å utøve sitt skjenkeløyve. Serveringsloven gjeld for etablering og drift av alle serveringsstader der det foregår servering av mat og/eller drikke og der forholda ligger til rette for fortæring på staden.

Det er då krav om at dagleg leiar må ha tatt etablerarprøven:

<https://www.osteroy.kommune.no/innhald/skatt-nering-og-landbruk/serverings--sals--og-skjenkeloyve/etablerarproven/>

3. Avløysar og kunnskapsprøve

Stadfesting på at Trond Lillejord (med personnummer) skal vere avløysar samt dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve og tilsetjingskontrakt

4. Firmaattest

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/bronnosundregistrene/firmaattest/>

5. Skatteattest

<https://www.skatteetaten.no/skjema/attest-for-skatt-og-merverdiavgift/>

6. Internkontroll

Krav om å dokumentere kva internkontrollrutinar ein har:

[Guide til god internkontroll etter alkoholloven - Helsedirektoratet](#)

7. Mattilsynet

I samheng med punkt 2. over treng me å sjå tillatelsen frå mattilsynet.

9. Opningstider og tidsrom

Ei beskriving av når lokalet skal vere opent for publikum.

Her kan du sjå den alkoholpolitiske handlingsplanen for Osterøy kommune 2020-2024:

[retningsliner-for-sal-og-skjenking-av-alkohol-2020-2024-revisjon-2020.pdf \(osteroy.kommune.no\)](#)

For konsert 24.06.23, om det skal søkjast om einskildhøve eller ambulerande får eg komme tilbake til deg om samt informasjon om korleis du sjølv kan be om uttale frå politi ved slike arrangement.

God 17.mai-feiring!

Beste helsing

Tor Asle Skiple

Leiar for Stab, støtte og utvikling

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*

Fra: Lars Magne Bysheim <lmbyshheim@gmail.com>
Sendt: mandag 15. mai 2023 19:16
Til: Tor Asle Skiple <tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no>
Emne: Fwd: Skjenkebevilling

Hei Tor Asle

Eg har eit par spørsmål:

Søknaden vår for skjenkebevilling rekk den herredstyret 21.06.23. Håpa den gjer det slik at me kan få med oss sommersesongen..

Me skal ha ein siste konsert før sommaren 24.06.23 bør eg søkja på ambulerande i det tilfellet? Er det slik at me slepp å betale gebyret om me får innvilga løyvet 21.06 ?

No når eg har tatt kunnskapsprøven så er det meg som skal inn som dagleg leiar for serveringsløyvet. Om me treng avløysar så er det Trond Lillejord pr. idag men me er fleire på Den Grøne som skal ta prøven.

Ta gjerne kontakt om det er noko..

Ha ein fin mai dag.

Med venleg helsing

Den Grøne Fabrikken AS

Lars Magne Bysheim